

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/2328

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
82/2018	Utval for drift og utvikling	PS	16.10.2018

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Utval for drift og utvikling - 82/2018

UDU - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Henriette Fennelly, FrP:

Kvifor er det så få saker til behandling i UDU?

Administrasjonen svarte at for tida er det få saker som kjem inn. Ingen saker er på vent.

Når ein har så få saker, kan møtet ta til kl. 16.00?

Utalet vart einige om at neste møte og 1. møtet i 2019 tek til kl. 15.00 (må vere lyst dersom synfaring). Dei andre møta tek til kl. 16.00.

Elevar frå Vestbygd skule har ikkje fått svømmeundervisning i bassenget på Rossland i haust.

Administrasjonen svarte at dei ikkje hadde høyrt at det var stengt for skulane. Skulane må sjølv ta ansvar og kontakte skulekontor.

Fredrik Seliussen, H:

I høve FS Sak 93/2018 reagerte Seliussen på UDU sin manglende uttalerett i prinsippsak om byggjehøgder. Saka var ei samanblanding av ei prinsippsak og behandling av ei enkeltsak. Dessutan inneholdt saka byggjehøgder som ikkje let seg byggteknisk gjennomføra i praksis.

Representanten meinte at det burde være politikarane sitt skjønn som avgjer kor mange etasjar som skal tillatast og ikkje ei unrealistisk teoretisk maksimal byggjehøgd. Konsekvensane av dette kan fort verta lågare bukvalitet, manglende moglegheit til å byggja berekraftig og framtidsretta, og hindra realisering av kommande buprosjekte i kommunen.

Administrasjonen svarte at representanten ikkje forstod kva saka handla om, og at den maksimale byggjehøgda i saka let seg teknisk gjennomføra. Administrasjonen meinte at maksimal byggjehøgd er viktigare enn tal på etasjar. Saka skulle behandlast i formannskapet då dette var ei sak som tilhøyrar kommuneplanen.

Etterlyser plansaker som burde vore behandla i utvalet.

Mabel Johansen, H:

Kva saker skal UDU behandla?

Administrasjonen svarte at kommunestyret har fordelt ansvar for politiske saker slik:

- Plansaker behandla i formannskapet
- Reguleringssaker behandla i Utval for drift og utvikling

Erling Rønnestad, KrF:

Trond Egil Soltvedt i Meland Aktiv var svært nøgd med god hjelp i arbeidet med å få på plass den nye hallen på Fossemyra. Reknar med å få tett tak til nyttår.

Åshild Aamli, MDG:

Har kommunen sjekka om det er lekkasje på fangdam ved Mjåtvæit Næringspark når det har vore så mykje nedbør.

Administrasjonen svarte at kommunen har kontakt med dei som har ansvar.

Tromod Skurtveit, AP:

Bassenget – garderobebeanleggget på Rossland – status.

Administrasjonen svarte at svært lite arbeid står att før ein kan opne det for almenta.

UDU - vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.